# Vekeplan 9. trinn Veke 38 og 39

| LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN: | |
|---|---|
| **Norsk** | • Skapa dine eigne samansette tekstar<br>• Kombinera ord, bilete og lyd<br>• Gjenkjenna og bruka språklege verkemidler og retoriske appellformer<br>• Utforska og vurdera korleis digitale medium påverkar og endrar språk og kommunikasjon |
| **Engelsk** | • Bruka varierte strategiar i språklæring, tekstskaping og kommunikasjon<br>• Bruka ulike digitale ressursar og andre hjelpemiddel i språklæring, tekstskaping og samhandling<br>• Uttrykkje seg med flyt og samanheng med eit variert ordforråd og idiomatiske uttrykk tilpassa formål, mottakar og situasjon<br>• Bruka kunnskap om ordklasser og setningsstruktur i arbeid med eigne munnlege og skriftlege tekstar<br>• Følgje reglar for rettskriving, ordbøying, setningsstruktur og tekststruktur<br>• Lese, diskutere og videreformidle innhald fra ulike typer tekstar<br>• Lese, tolke og reflektera over engelskspråklig skjønnlitteratur<br>• Skrive formelle tekstar, inkludert sammensatte, med struktur og samanheng som beskriv, fortell og reflekterar tilpassa formål, mottaker og situasjon<br>• Omarbeide eigne tekstar ut frå tilbakemeldingar og kunnskap om språk |
| **Matematikk** | • Læra om sentralmåla gjennomsnitt, median og typetal<br>• Læra om spreiingsmålet variasjonsbreidd<br>• Læra om kritisk vurdering av statistiske data<br>• Øva på å lesa og tolka statistiske framstillingar |
| **Samfunnsfag** | • Beskriva kva sjølvtillit og sjølvkjensle er<br>• Reflektera over kva som er eit godt liv<br>• Gjere greie for kva utanforskap er<br>• Reflektera over kva som påverkar eigne og andre sine grenser knyta til rus<br>• Drøfta årsaker til at ungdom brukar rusmiddel<br>• Reflektera over haldningane vaksne, barn og unge har til rusmiddel |
| **KRLE** | • Få innsikt i sentrale trekk ved buddhismen<br>• Få innsikt i viktige historiske hendingar i buddhismen<br>• Reflektera over setninga: «Mennesket er spesielt» |
| **Naturfag** | • Forklara korleis me kan vite at alt liv på jorda er i slekt og i endring<br>• Beskriva korleis Darwin og Wallace kom fram til evolusjonsteorien<br>• Forklara korleis naturleg utval gjer artar tilpassa det miljøet dei lev i<br>• Gjere greie for korleis ulike obsjervasjonar og funn styrkjer evolusjonsteorien – og gje nokre dømer |
| **Spansk** | • Kunna snakka om noko som skal skje<br>• Læra litt om Colombia og kulturen |

| | |
|---|---|
| **Tysk** | • Kunna snakka om skule, vener, familie<br>• Bruka verb i presens og modale hjelpeverb<br>• Læra å bruka nye ord<br>• Kunna laga presentasjon og presentera denne. |
| **Eng fordj** | • Bruka engelsk munnleg og skriftleg<br>• Presentera sjølvvalde interesseområde<br>• Skapa ulike typar munnlege og skriftlege tekstar om sjølvvalde emne |
| **Kroppsøving** | • Forstå ulike type kart |
| **Musikk** | • Læra fleire norske folkedansar og bli stadig betre på god rytme og nøyaktig rørsle. |
| **Mat og Helse** | • Vita kva god hygiene er<br>• Vita kva vurderingskriteria for faget er<br>• Kunna fortelja om korleis me skal oppføra oss på kjøkkenet<br>• Vita kva god bordskikk er<br>• Alle må ha reint forklede og hårstrikk (om du treng det) |
| **Kantine** | |
| **Fys.ak.** | • Øva på og gjennomføra frisbeegolf og badminton åleine og saman med andre<br>• Anerkjenna skilnader mellom seg sjølv og andre i aktivitetane, inkludere alle, samarbeide og oppmuntre medelevar |
| **Friluftsliv** | • Bruka teknikkar knytta til bål og redskap<br>• Vurdera bruk av utstyr og klede<br>• Ferdast trygt og sporlaust, ta ansvar for seg sjølv og andre |
| **Innsats for andre** | • Utforska og reflektera over kva frivillig arbeid og sosialt entreprenørskap er<br>• Utvikla sosiale tiltak som bidreg til eit inkluderande samfunn |
| **Olweus** | • Elevråd<br>• Klassemiljø |

| **INFORMASJON TIL HEIMEN** |
|---|
| **Vurderingar:**<br>Elevane skal gjennomføra nasjonal prøve i rekning i veke 38. Elevane har óg ein presentasjon i norsk og ei skriveøkt i engelsk på torsdagen. I veke 39 vil det vere ei skriftleg vurdering i norsk i fagtimane, og ei kapittelprøve i matematikk i 4 og 5 time på onsdagen.<br><br>**Foreldremøte:**<br>Måndag 18.09 klokka 17.30 skal 9.trinn ha foreldremøte. Her vil føresette mellom anna få informasjon som er nytt for året. Dei skal óg ha ei økt i klassane saman med kontaktlærarane. Me ser fram til å sjå dykk!<br><br>Helsing oss på 9.trinn |

| HEIMEARBEID VEKE 38 | |
|---|---|
| **Norsk** | Jobb med influenseroppgåva |
| **Engelsk** | Førebu deg til skriveøkt om «Healthy and Happy». Les tekstar på aunivers og repiter korleis skrive eit «5 paragraph-essay» med god bruk av «linking words». |
| **Matematikk** | Oppgåve 1.18 og 1.19 på side 34-35 og oppgåve 1.28 på side 46 i Matematikk 9 grunnboka. Ta bilete av arbeidet ditt og legg det inn på ON. |
| **Samfunnsfag** | Les artikkelen om psykisk helse på aunivers.no<br>Oppgåver (du skal svara utfyllande på spørsmåla, og grunngje svara din med døme):<br>1. Trur du ein får betre eller dårlegare sjølvkjensle av å vere aktiv på sosiale medium?<br>2. På kva måte kan du sørgje for at andre får betre sjølvkjensle på sosiale medium? |
| **KRLE** | Les *Buddhas lære* (heile kapitelet) og gjer oppgåve 1,2,3 og 4 i «Finn svar» |
| **Naturfag** | Gjer ferdig presentasjonen, og øv på å framføra. |
| **Spansk** | Du er i stavanger med en venn eller familiemedlem. Kva skal du gjere? Minst 3 setningar. |
| **Tysk** | • Lær desse orda til torsdag: das Schulfach (faget), der Betrieb (bedrifta), die Jugendschule (ungdomsskulen), das Bundesland (den tyske delstaten), die Ausbildung (utdanninga)<br>• lag eit tankekart (der typische norwegische Teenager), lever inn i OneNote |
| **Eng fordj** | Read p. 21 in OnTheMove2. Answer the question beneath the text and learn the new words. Dictation on Thursday (ON). |
| **Arbeidslivsfag** | |
| **Kroppsøving** | Volleyball / Orientering. Ver førebudd på utegym. Studentar bestem innhald. |
| **Musikk** | Møt alltid i aula. Øv heime på å gå i takt og hugse turane på dei ulike folkedansane om du slit med det. |
| **Mat og Helse** | Alle må ha reint forklede og hårstrikk (om du treng det)<br>Me skal laga:<br>• Grove rundstykke (gul s 134)<br>• Tomatsuppe s 26<br>• Løksuppe s 23<br><br>Teori:<br>• Kapittel 2 og 3 i Matopedia: Mat for god helse og glede |
| **Kantine** | |
| **Fys.ak.** | Sjå på Teams om du er gruppe 1 eller gruppe 2. Gruppe 1 skal ha badminton i gymsal, gruppe 2 skal ha frisbeegolf. |
| **Friluftsliv** | Møt ved hovudinngang. |

| | |
|---|---|
| | 9A og 9B skal på sykkeltur og må ha sykkel og hjelm.<br>9C og 9D skal ha bål, stormkjøkken og leirplass i skulegården. |
| **Innsats for andre** | Møt i klasserommet til 9c |

| **HEIMEARBEID VEKE 39** | |
|---|---|
| **Norsk** | Jobb med influenseroppgåva |
| **Engelsk** | Lever leseoppgåva du får av lærar på Teams. |
| **Matematikk** | Øv til kapittelprøve i statistikk som skal vera onsdag denne veka.<br>Målark til prøven ligg på ON. |
| **Samfunnsfag** | Les artikkelen som heiter "Rusmiddel og store val" på aunivers.no<br><br>Skriv ein kort tekst der du fortel korleis du opplev at haldningane til rusmiddel er i ditt nærmiljø. Kva tenkjer du sjølv, og kva har du høyrt og sett? Bruk gjerne informasjonen frå ungdata undersøkinga for time kommune som ligg på ON. |
| **KRLE** | Les *Buddhismen spreier seg* og gjer oppgåve 1,2,3 og 4 i «Finn svar» |
| **Naturfag** | Gjer ferdig presentasjonen, og øv på å framføra. |
| **Spansk** | Gloseprøve. Du finn gloser på ON |
| **Tysk** | •Lær desse orda til torsdag: nett (snill), reif (moden/vaksen), umweltbewusst (miljøbevisst), beliebt (populær), die Bücher (bøkene), flüchten von (flykte frå)<br><br>• førebuing til skriftleg vurdering, sjå ON |
| **Eng fordj** | Read p. 22-24 in OnTheMove2. Answer the questions and learn the new words. Dictation on Thursday (ON). |
| **Arbeidslivsfag** | |
| **Kroppsøving** | Orientering. Ver førebudd på utegym. Studentar bestem innhald. |
| **Musikk** | Møt alltid i aula. Øv heime på å gå i takt og hugse turane på dei ulike folkedansane om du slit med det. |
| **Mat og Helse** | Alle må ha reint forklede og hårstrikk (om du treng det)<br>Me skal laga:<br>• Grove rundstykke (gul s 134)<br>• Tomatsuppe s 26<br>• Løksuppe s 23<br><br>Teori:<br>• Kapittel 2 og 3 i Matopedia Mat for god helse og glede |
| **Kantine** | |
| **Fys.ak.** | Sjå på Teams om du er gruppe 1 eller gruppe 2. Gruppe 1 skal ha badminton i gymsal, gruppe 2 skal ha frisbeegolf. |
| **Friluftsliv** | Møt ved hovudinngang.<br>9C og 9D skal på sykkeltur og må ha sykkel og hjelm.<br>9A og 9B skal ha bål, stormkjøkken og leirplass i skulegården. |
| **Innsats for andre** | Møt i klasserommet til 9c |